



dei 2 blomejentene i Uskedalen mellom roser, løvemunn, begonia, salvie og potetplanter.

Då Gro Hjelmeland opna blomebutikk i Uskedalen i november 2008 drøymde ho ikkje om å ansetta folk. Men butikken har gått mykje betre enn ho venta og idag var blomejente nummer 2 på plass i Gros Blomster.

Ho heiter Mary Ann Teigen, er 25 år gamal og bur i Teigen på Husnes. Det kjem ho til å halda fram med, i nybygd hus. Fagbrevet tok ho i 2006 og ho får attest frå den nye sjefen sin for å vera svært flink.

- Eg veit det, for vi har arbeidd saman i 5 år, fortel Gro, som ikkje hadde noko problem med kven ho skulle spørja først då hu hadde bestemt seg for å utvida den faste staben frå 1 til 2.

Det er i Fredheims

Gartneri dei begge har jobba og Mary Ann har vore både på Husnes og i Rosendal. Den nye blomejenta hadde på si side ikkje problem med å svara ja då ho fekk førespurnaden frå Gro, som seier det slik:

- Det har vore mange lange dagar, ikkje minst før jul og i mai. Eg fekk ikkje tid til noko anna og det auka på etter kvart. Ein faktor som auka arbeidspresset var at vi er den einaste Interflora-butikken i Kvinnherad. Gravferdene kravde også mykje. Eg kunne rett og slett ikkje halde fram på denne måten, eg måtte også tenkje på familien.

Når vi no blir 2 aukar kapasiteten, no kan vi lage fleire bukettar og i større grad ta oss av sørgebinderi. Eg har store forventningar om ytterlegare vekst, for her i Uskedalen har vi gode kort på handa. Ikkje minst fordi vi ligg sentralt i kommunen og kan operera til alle kantar. Dessutan opnar vi heretter ein time tidlegare om morgonen - det vil seia klocka 9, seier Gro.

Ho kan ikkje peika ut nokon bestemt når vi spør om yndlingsblomsten hennar. Men Mary Ann er svak for peonar...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen